



Arkivnr: 2014/10441-44

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 135 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 135 mill. kr forfell den 15. september 2014. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt sertifikatlån tilrettelagt av DNB.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 135 mill. kr vert refinansiert med eit 3-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB. Renta fram til 15.12.2014 er 1,73 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Ernst Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.09.2014

Eit sertifikatlån på 135 mill. kr forfell den 15. september 2014. Renta har vore 1,687 % siste 6-månaders perioden.

Ein tek sikte på å innfri dette lånet i år. Men sidan fylkeskommunen får høgare rente på innskot enn ein betaler på lån, tener ein på å vente til slutten av året med å betale årets avdrag. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere lånet for 3 månader, fram til desember.

Den 11.09.14 har ein fått inn følgjande tilbod på lån:

	<u>Nominell rente</u>
DNB Markets	1,73 %
Nordea Markets	1,74 %

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit 3-månaders sertifikatlån, og aksepterer tilbodet frå DNB.